

# Ny skrivekunstsjef

Øyunn Viken skal gjere Skrivekunstakademiet best i landet

## LITTERATUR

AGNES RAVATN  
agnes@dagogtid.no

Litteraturvitar Øyunn Viken (37) er tilsett som ny leiar ved Skrivekunstakademiet i Bergen for dei neste fire åra. Viken har vore tilknytt Universitetet i Bergen i ni år, etter å ha fullført hovudfag i 2001.

– Kva visjonar har du som akademileiar?

– Eg vil at Skrivekunstakademiet skal vere den beste forfattarutdanninga i landet. Eg vil at akademiet skal vere ein synleg institusjon, og eg har ein tanke om at samarbeid og kommunikasjon på tvers av kunstforgreiningane kan vere nyttig og fruktbart.

– Mottoet for Norges Kreative Fagskole er «Kreativitet kan læres!» Korleis stiller du deg til

den påstanden?

– Eg er ikkje sikker på om det er noko ein kan lære i vaksen alder, men eg er overtydd om at kreativiteten kan utviklast, at ein kan lære seg ulike strategiar, teknikkar eller tilnæringsmåtar som gjer at kreativiteten blir stimulert.

Skrivekunstakademiet har ved sida av leiarstillinga tre faste skrivelærarar: Tormod Haugland, Øyvind Rimbereid og Gunnhild Øyehaug. Kvart år tek skulen opp tolv studentar til årskurset i skapande skrivning.

– Kvir du deg ikkje litt til å vere omslutta av unge, sjølvoppteke forfatterspirer på alle kantar?

– Nei, eg gler meg!

## BETRE FORFATTARAR

Sidan Rolf Sagen starta skulen i 1985, har akademiet hatt

fire leiarar: Sagen sjølv frå 1985 til 1993, deretter Arild Dahl frå 1993 til 1998, så Tormod Haugland i ti år frå 1998 til 2008, då Olaug Nilssen overtok. Nilssen har vore leiar i to år når ho no overlèt sjefsstolen til Viken.

– Du er den første leiaren som ikkje er forfattar sjølv; tenkjer du at det kan vere eit handikap?

– Eg tenkjer at ein dagleg leiar og administrator ikkje nødvendigvis må vere forfattar. Skrivekunstakademiet har lærekrefte knytte til seg som har sær god kompetanse på det området, så eg er trygg på at utdanninga ikkje vil lide under at akademileiaren ikkje skriv sjølv. Dessutan er eg litteraturvitar og altså ikkje heilt ukjent med faget.

– Det finst forfattarutdanningar i Bø, i Tromsø og i Oslo i tillegg til i Bergen – kor mange forfattare treng vi eigentleg? Det kjem ikkje akkurat for få bøker ut i dette landet?

– Men det kjem kanskje for få verkeleg gode bøker? I så måte kan forfattarutdanningane vere med på å gjere forfattarene betre. Eg trur heller ikkje at det ville ha kome færre bøker om ikkje desse utdanningsmogleheitene fanst.



Jonas Gardell. Foto: Scanpix

## VIL BRENN BOK OM GUD

Frikyrkjepastoren Holger Nilsson i Vetlanda midt i Sveriges bibelbelte oppmodar innbyggjarane om å laga bokbål av Jonas Gardells bøker om Gud og Jesus. Pastoren meiner at Gardell er ein spottar, og har greidd å skapa ein debattstorm.

– I ei tid når Sverigedemokraterna og andre innanfor ekstremhøgre veks seg sterke, er dette ein type valdsretorikk me skal akta oss for, seier komikaren og forfattaren Jonas Gardell.

## SENTRALEUROPEISKE KLASSIKARAR

Forlaget Penguin satsar på sentraleuropeiske 1900-tals klassikarar. I den nye serien «Cental European Classics» er det med ti titlar. Mellom dei finn me Karel Capeks satire *Salamanderkrigen*, Gregor von Rezzoris barndomsskildring *The Snows of Yesterday* og Josef Skvoreckys roman *The Cowards*. Også Thomas Bernhards *Old Masters* og nobelprisvinnaren Czeslaw Milosz' *Proud to be a Mammal* kjem ut på nytt.


Under den kalde krigen vart desse bøkene i Vesten rekna som nøklar til livet bak jernteppet.

## LENA HORNE ER DØD

Den 92-årige amerikanske entertaineren og jazzsongarinn Lena Horne døyde søndag kveld. Ho kom til Hollywood i 1930-åra for å slå gjennom som skodespelar. Jamvel om mange filmprodusentar ikkje ville hyra henne på grunn av hudfargen, meiner fleire at ho medverka til at mange svarte kvinner i dag får store filmroller i Hollywood.

Trass i mislukka forsøk som skodespelar fekk ho eit stort gjennombrøt i musikkverda. Ho var den første svarte kvinna som skreiv under ein langtidskontrakt med eit Hollywood-studio.

Horne dukka opp i fleire musikalar utetter i 40-åra, og ho er særleg kjend for innspelinga av songen «Stormy Weather».



Lena Horne. Foto: Scanpix

## IBSEN I STORFORM I STOCKHOLM

Stockholm stadsteater viser Henrik Ibsens *Gjengangere*, og i Dagens Nyheter skriv Leif Zern at han aldri har sett Ibsen verta spela så luftig og på same tid så tilgjengeleg. Han meiner at det er eit stykke i meisterklasse. Helena Bergström spelar fru Alving.

## TOLVTIMAR FOR DET FRIE ORDET

På 17. mai leier Lars Norén ein manifestasjon for det frie ordet på Järmtorget i Göteborg. Målet er å skapa merksemd om undertrykte forfattare og journalistar – framfor alt Dawit Isaak, som har sete fengsla i Eritrea i fleire år.

Sjølv skal Norén lesa dikt av den russiske poeten Anna Achmatova, som på slutten av 1930-åra skreiv om offera etter Stalins terror.

I alt skal åtti røyster i elden i løpet av tolv timar.

ottar@dagogtid.no



Lars Norén. Foto: Scanpix

– Kanskje kjem det ut for få verkeleg gode bøker.

Øyunn Viken, ny leiar ved Skrivekunstakademiet i Bergen

Foto: Rune Smitstad

# Ambisjonar i Moss

Ny litteraturfestival satsar friskt

## LITTERATUR

AGNES RAVATN  
agnes@dagogtid.no

Ein splitter ny litteraturfestival i Moss? Ja, det stemmer: I helga opnar Møllebyen Litteraturfestival, og på programmet har ein namn som Dag Solstad, Tomas Espedal, Eldrid Lunden, Tone Hødnebo og Ole Robert Sunde.

Med seg til å setje saman programmet har Sørhaug forfatter Jonny Halberg. I tillegg til reine opplesingar blir det samtalar, konsert og utstilling ved den svenske forfattaren og lyd- og biletkunstnaren Johannes Heldén i helga.

– Kvifor ein litteraturfestival i Moss?!

– Det botnar i eit ønske om å formidle litteratur, rett og slett.

– Festivalen skal gå føre seg i «House of Foundation». Kva er det?

– House of Foundation er eit 600 kvadratmeter stort hus som tidlegare romma Mølla Kunstskole, men som har stått tomt ei tid. Me har no begynt å fylla huset med innhald. Me har opna bokhandel og laga utstillingslokale, og no blir det altså festival.

– Festivalen verkar nesten overdriven ambisiøs? «Landets viktigaste festival»?

– Me veit korleis ein skal tryk-

kje på dei rette knappane reint retorisk for å få mediemerksemd, he-he. Men det er altså ikkje rein retorikk, ambisjonsnivået er høgt. Me ønskjer å utfordre førestellinga om den regionale festivalen og inviterer både yngre og godt etablerte deltakarar innanfor eit tverrfagleg felt. Og me kjenner miljøa og veit korleis ein arrangerer festival, svarar Sørhaug, som òg er med på å arrangere den biannuale festivalen Audiatur i Bergen, festival for ny poesi.

– Du starta òg bokhandel i Moss for tre år sidan – med vekt på skandinavisk litteratur og eit breitt utval frå småforlagsindustrien. Korleis går butikken?

– Framover. Butikken opna i

november, og deretter hadde me tjue minusgrader i tre månader, så det er eigentleg litt vanskeleg å seie korleis det går. Hovudsatsinga vår er jo framleis på nett, nettbokhandelen audiatur.no har eksistert i tre år og har no eit av dei mest spissa bokutvala i Noreg.

Møllebyen Litteraturfestival varer frå fredag ettermiddag til laurdag kveld. I tillegg til dei før nemnde kan ein sjå og høyre folk som Kjerstin Aukrust, Pedro Carmona-Alvarez, Jonny Halberg, Arve Kleiva, Eldrid Lunden, Erlend O. Nødtvedt, Kjersti Annesdatter Skomsvold, Espen Stueland, Maria Zennström (S), Arne Østring og Tina Åmodt i Moss i helga.



Slik ser dei ut, forfattarene som gjestar Moss i helga.